

Forskrift om skulekrinsar i Sande kommune

Fastsett av Sande kommunestyre xx.xx.2026 med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 2-6.

§ 1 Formål og verkeområde

Forskrifta fastset kva skulekrins dei grunnskulepliktige elevane i Sande kommune soknar til, og regulerer høvet til å søkje skuleplass ved annan kommunal grunnskule enn nærskulen. Opplæringslova § 2-6 gir elevane rett til å gå på den skulen som ligg nærast eller ved den skulen i nærmiljøet som dei soknar til etter dei skulekrinsane kommunen har fastsett. Kommunen kan etter søknad gi ein elev plass ved ein annan skule enn nærskulen

Skulekrinsordninga for øyane i Sande kommune er fastsett med utgangspunkt i ei samla vurdering av alder, opplæringsbehov, topografi, transporttilhøve, trafikktryggleik og kapasitet, jf. opplæringslova § 2-6. Ordninga er differensiert etter trinn, og tek omsyn til både pedagogiske og praktiske forhold

Forskrifta gjeld for alle elevar i grunnskulepliktig alder busette i Sande kommune.

§ 2 Skulekrins for 1.–7. trinn

Barneskulen i Gursken er frå 01.01.2027 nærskule for alle grunnskuleelevar 1.-7. trinn med adresse i Gjerdsvika, Haugsbygda, Gursken, Sandvika, Larsnes, Hallebygda og Skredestranda.

Barneskulen på Kvamsøy er frå 01.01.2027 nærskule for alle grunnskuleelevar 1.-7. trinn med adresse Sandsøy, Voksa, Kvamsøy, Haugsholmen og Storholmen og dannar skulekrins Kvamsøy.

§ 3 Skulekrins for 8.–10. trinn

Ungdomsskulen i Gursken er frå 01.01.2027 nærskule for alle elevar i Sande kommune som skal gå på 8.–10. trinn.

§ 4 Søknad om skuleplass ved annan skule enn nærskulen

Ein elev kan etter søknad få skuleplass på ein annan skule enn den eleven soknar til etter forskrifta, dersom kommunen godkjenner dette.

Søknadar vert behandla individuelt. Vedtak om innvilgning eller avslag er enkeltvedtak etter forvaltningslova og kan klagast på etter gjeldande reglar.

Ved behandling av søknaden skal kommunen leggje vekt på kapasiteten ved skulane og omsynet til ei forsvarleg organisering av opplæringa. Det kan vidare leggjast vekt på

avstand til skule, trafikktryggleik, topografiske forhold, sysken på skulen, sosiale, pedagogiske eller helsemessige forhold og kva som er til beste for eleven.

Kommunen kan fastsetje nærare retningslinjer for behandling av slike søknader.

Elev som får innvilga plass ved annan skule enn nærskulen, har som hovudregel ikkje rett til gratis skuleskyss utover det som følgjer av opplæringslova kapittel 4. Jf. Reglar for fritt skuleval.

§ 5 Ikraftsetjing

Forskrifta tek til å gjelde frå 1. januar 2027.

Frå same dato vert tidlegare forskrifter om skulestruktur og skulekrinsar i Sande kommune oppheva.